



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13347 - 20/45998

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kommune.no

Dato:
14.07.2020

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 428/79 Kvalheim nedre

Tiltak: Dagsturhytte
Byggjestad: Gbnr: 428/79
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Alver kommune

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona for oppføring av dagsturhytte og gangveg på gbnr. 428/79.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel (KDP) for Radøy er definert som friområde.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Grøn firkant på kartet viser ønska plassering av dagsturhytta. I tillegg ønskjer ein å leggje til rette for utedo, plassering vist med blå farge på kartet, og ein universelt utforma gangveg fram som vist med grøn stipla linje på kartet.

Føresegn 3.3.1 til KDP legg til grunn følgjande for areal satt av til friområde:

Føremålet er område sett av til rekreasjon, uteopphald og friluftsliv for ålmenta. Friområda skal i størst mogleg grad takast i vare som naturområde. Det kan etablerast enkle tilretteleggingstiltak for ålmenta si bruk av området og universelt utforma gangveg i samråd med kommunen. Eksempel på enkle tilretteleggingstiltak kan vere enkel ballplass med grus, sand eller naturgras, universelt utforma badeplass, gapahuk, grillplass, leikeapparat, bord og benkar og enkle toalettbygg. Det er ikkje tillete med tiltak som kan redusere opplevingsverdiane eller hindre ålmenn ferdsle.

Kommunen si vurdering er at opparbeiding av dei omsøkte tiltaka er i samsvar med gjeldande arealformål.

Ettersom tiltaka ligg innanfor byggeforbodet langs sjøen, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 1-8, krev tiltaka dispensasjon, jf. pbl § 19-2.

VURDERING

Dispensasjon

Kommunen si foreløpige vurdering er at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt. Vi viser særleg til at tiltaka vil legge til rette for ålmenn bruk av strandsona. Det kan setjast vilkår om at gangvegen skal plasseraste mest mogleg skånsamt i terrenget.

Andre tilhøve

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - GBNR 428/79 Kvalheim nedre
2044531 Gbnr 42879 - Dagsturhytte Byngja - Søknad om dispensasjon
1993_FASADER
1993_PLANER
1993_SNITT
1993_UTEDO_Tilgjengelig
1993_Situasjonskart Hytte Utedo Byngja_med_parkering

Mottakarar:

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland
Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863 LEIKANGER
5020 BERGEN